

# Årsmelding for Valldal Bygdekvinnelag 2017

## Styret i 2017 har sett slik ut:

Mette Marie Døving	- leiar
Bjørg Sætren Kleppe	-nestleiar
Turid Aspehjell	-kasserar
Sunneva Linge	-skrivar
Solveig Linge Stakkestad	-styremedlem
Vara medlemmar	Nelly Marie Ytterlid Anna Marie M. Moe Astrid Bakke Andersen

Mariann Gundersen Døving vart vald som kasserer, men søkte om permisjon frå styret.  
Turid tok over att som kasserer og Solveig som var fyrste vara rykka opp som  
styremedlem.

Styret har hatt 8 møter og handsama 34 saker, og ein del e-postar innimellan  
Laget har omlag 30 medl.

Revisorar: Kristin V. Hjelme og Mette N. Valdal

Heimeside: Judith Krogh

Nyføddgåve: Randi Hole Heggen og Eva Hansen

Syng med oss: Astrid Bakke Andersen

Sansehagen: Judith Krogh, Astrid B. Andersen og Else Rødal

Kafegruppe: Vigdis D. Mork, Eva Hansen, Else Rødal, Inger Sissel Berdal, Inger Lise  
Hjelle, Bodil Døving, Kristi L. Stakkestad

Tur og aktivitetsgr: Mariann G. Døving, Mette N. Valdal, Brita Relling, Nelly Ytterlid,  
Solveig L. Stakkestad. Anne Nygård var vald inn, men meldte seg ut av laget.

FullFres: Bjørg Sætren Kleppe ( Liv Hanne og Lene)

Valnemnd: Mariann G. Døving, Judith G. Krogh, Nelly Marie Ytterlid

## Møter og aktivitetar:

Årsmøte for 2016 var 3.nov i Raudehuset i Andersgarden, 18stk til stades på årsmøtet.  
Etter møteslutt hadde vi besøk av Bente Skarbø som fortalte om Lykkeriet og lærte oss  
litt om garn. Dette var ope møte og omlag 10 ekstra kom.

- **Januar-** Julefest på VTS 7.jan, ca 40 møtte, det vanlege med kaffe og kaker, eit  
triveleg lag. Ingunn Linge Valdal sto for musikken.  
Ekstraordinært årsmøte 23.jan for å godkjenne rekneskapen, 10 møtte.
- **Mars-** Søndagsmiddag på Valldal Fjordhotell 10.mars, ca20 var med
- **April-** Medlemsmøte 6. april, ikkje noko spesielt tema, litt orienteringar og  
diskusjon. 9 stk.  
Fellesmøte 27.april med Fjørå og Valldal Pensjonistlag, tema var aktivitetssenter  
og velferdsteknologi for eldre. Vi sto for kaffe og kaker.
- **Mai-** Aktivitetsdag 6.mai for utviklingshemma, fleire held med arb, andre med  
kake  
Medlemsmøte 31.mai om tradisjonsmat. Kva er det? Kva skal vi sende inn til  
tradisjonsmatjakten? Mykje diskusjon, men ingen konklusjon.  
Seinare vart det bestemt at vi sender inn oppskrift på hermetisering av pærer,  
plommer og morell. Også ei jordbærkake vil vi ha med.

- **Juni**- Medlemsmøte/tur til Nysætra 22.juni, fleire gjekk, nokon bila. Nelly held med varm hytte. 10-12stk var med.  
Ein fin kveld og avslutning på første halvår.
- **September**- Kveldstur bortom fjorden, båt til Kvenhusneset, så gjekk vi inn i Osvika. Lita kaffipause tok vi der, så rusla vi på Littlehjellen.  
Litt historiefortelling innimelleom. Litt grått ver, men ein kjekk og fin tur, 8stk.
- **Oktober**-Medlemsmøte på Jemtegård 5.okt, 16 møtte. Tema var laging av kort. Mariann og Agnieszka viste oss ymse teknikkar. Hadde også tema Ville vekstar i form av bakverk. Elles held Petra med servering.  
16.okt var det råvareaksjon med fokus på norske grønsaker. Damer frå lager delte ut 40 poser med råvarer til suppe. Ein fin måte å markere laget.

**Kafegruppa** Har hatt to fredagskafeer, ein kyrkjekaffi og kulturskuleavslutning.

**Tur og Aktivitetsgr:** Julelag VTS, søndagsmiddag og avslutningstur

**Sansehagen:** 3-4 duggnader og 5 møter i prosjektgruppe. Det er no bestilt paviljong.

**Syng med oss:** Tre gonger, godt oppmøte og god stemning.

**Nyføddgåver.** Siden siste årsmøte er det delt ut 12 pr. sokka.

**Heimesida:** Den går bra og Judith legg stadig inn nytt, vil gjerne ha bidrag frå andre

**Full Fres:** Liv Hanne melder at det ikkje har vore noko aktivitetar i 2017.

### **Gåver:**

Vi har gitt sæterbok til gevinstar, Storfjordens Venner, Fylkesårsmøte og samrådingsmøte.

VBK og Fjørå helselag gir refleksvestar til 1.klassingar

Olaug 95år i mai, ho fekk ei lita blomsterhelsing

### **Representasjon:**

På fylkesårsmøtet i Ålesund møtte Bjørg, Solveig og Nelly.

Samrådingsmøte i Eidsbygda var Nelly og Else til stades og skrytte av eit godt møte.

Frivilligsentralen har i mange år vore ein god møteplass for laget. Vi har også hatt lager der. No vart det i vinter bestemt at den skulle flyttast og samlokalisert med biblioteket. Valldal BK engasjert seg for å stoppe dette, men til inga nytte. Dermed miste vi som mange andre ein møteplass og lagerplass. Vi pakka ned og sortert alt vi hadde der, no stend alt på lager i Raudehuset. I februar fekk vi også beskjed om å flytte alle sæterbøkene, Tafjordskulen skal selgast. Med god hjelp vart alt lasta opp og flytta. Bøkene står og i lagra i Raudehuset.

1500 bøker tek mykje plass, vi må jobbe for å finne ei løysing i dialog med eigar.

Valldal Bygdekvinnelag rundar 85 i år. Vi har ikkje hatt noko spesiell markering.

Så vil eg takke alle for godt samarbeid og stor innsats gjennom året.

Og håper på eit like bra arbeidsår i 2018.

Tafjord 02.11.17

Mette Marie Døving

